

Erling Berge, 21 oktober 2014

Planlegging av lokaliserte gode i urbane samfunn

Innleiing

I planlegginga av byen vil vi gjerne at resultatet skal gi fleire gode enn ein kunne få utan planlegging. Det er ikkje alltid opplagt at det faktiske resultatet er slik. Men den kontrafaktiske situasjonen kan jo ikkje observerast, så påstandar om at det hadde vore betre utan planar vert aldri meir enn det, påstandar. Det er meir interessant å drøfte om andre planar ville gitt meir gode. Kunne ein med litt meir omtanke og innsikt gjort resultatet av planane enno betre?

Planlegging av tettstader og byar er planlegging av stadfaste materielle gode, eller lokalitetar for produksjon og konsum av immaterielle lokale gode. Bruk og forbruk av denne typen gode har konkret nytte for den einskilde. Men det har også konsekvensar for kollektivet og for samfunnet. I det teoretiske perspektivet som er lagt til grunn her vi vi kunne sjå at den einskilde byborgaren rett som det er vil stå i eit sosialt dilemma, stundom kanskje i ei sosial felle, når det skal takast avgjerder om bruk/ forbruk. I andre samanhengar ser vi at bruk/ forbruk har verknader for tredjeperson av positiv eller negativ art. Aktiviteten vert sagt å ha eksterne verknader.

Både offentlegrettsleg regulering og privatrettslege avtalar vil kunne ha som formål å regulere sosiale dilemma eller eksternalitetar. Stundom får reglane ei form som skaper store transaksjonskostnader for både byborgarane og mynde som skal overvake og sanksjonere reglane. Betre kunnskap om slike mekanismar i tilhøvet mellom mynde og borgar vil gjere planlegging meir komplisert, men resultatet vil truleg bli betre.

Ein viktig innfallspurt for å skjønne dynamikken i sosiale dilemma og den rolle eksterne verknader har for folk sin kvardag startar med å skilje mellom ulike typar gode. Dei same prosessane har svært ulik verknad om ein har å gjere med eit offentleg gode i staden for eit privat gode. Og mellom privat og offentlege gode finn vi fleire svært ulike typar. Om ein ikkje tar omsyn til dei meir prinsipielle skilnadane mellom dei ulike typane vil vi oppleve problem med å få dei resultat ut av iverksetjinga av ein plan som låg til grunn for initieringa av planen. Sosial boligbygging kan vere eit døme her. Vi skal komme attende til det nedanfor.

Kva er eit gode?

Med gode vil vi meine alle materielle eller immaterielle «ting» folk vil bruke tid og pengar for å skaffe seg. Med vonde er det motsett: folk vil nytte tid og ressursar for å sleppe å få vonde. Dei *folka* vi har i tankane er borgarar av staten Norge. Dei gode og vonde vi har gitt oss sjølve i form av rettar og plikter gjennom kultur, sedvane og lovverk gjeld for alle slik «alle» er avgrensa gjennom lover og reglar vedtekne etter demokratiske prinsipp. Gode som sjølvråderett, avtalefridom, talefridom og rettstryggleik er viktige delar av denne pakken.

Kva skal vi forstå som eit urbant samfunn?

Louis Wirth (1938) sin kjente definisjon av urbanisme la vekt på at urbane område skulle vere store, tettfolka og permanente bostader med ei heterogen befolkning. Heterogeniteten har samheng med stor folkemengde og fører med seg andre sosiale forhold enn ein finn i rurale

områder.¹ Men heterogenitet må sjåast i samanheng med folketettleik. I denne forståinga av det urbane vert det fysiske bostadmiljøet og eigenskapar / aktivitetar hos dei som bur der viktige og må sjåast i samanheng. Men først og fremst er heterogeniteten knytt til yrkesspesialisering slik ein moderne økonomi krev det. Til meir komplekst det økonomiske systemet er til større må byen vere (Berge and Ullenes 2011).

Om lokaliseringa av stadfaste materielle gode, eller lokalitetar for produksjon og konsum av immaterielle lokale gode.

Ein avgjerande faktor for urban heterogenitet ligg i dei krav til spesialisert kunnskap som eit moderne næringsliv stiller. For å bli verksam i produksjonen av varer og tenester må ulike kunnskapar og ferdigheter koplant saman til funksjonelle einingar på arbeidsplassar tilpassa samarbeid mellom spesialitetane. Arbeidsplassen har ei lokalisering. Hus og daglegliv for dei mange arbeidarane som skal samlast har si lokalisering. Krava til fleksibel omstilling i arbeidslivet og stabile bumiljø gjer det nesten utenkjeleg at arbeidarane skal kunne bu nær arbeidsplassen over lengre tid. Byen krev arbeidsreiser. Arbeidsreiser og næringsmessig transport krev ein effektiv transportinfrastruktur. Lengda på arbeidsreise vert ein fast budsjettskranke som kvar einskild arbeidar må tilpasse seg, men med svært viktige sumverknader for samfunnet. Summen av tid som borgarane nyttar på arbeidsreise kan ikkje nyttast på andre måtar.

Ein annan type urban heterogenitet finn vi i kulturelle skilnader markert som etnisitet, språk eller religion og i skilnader i økonomiske ressursar og sosial makt. I kva grad det er ønskjeleg eller ikkje at det veks fram homogene bustadområde basert på kulturelle eller sosio-økonomiske markørar er eit politisk spørsmål. Kva som trengst av planlegging og administrative verkemiddel for å tippe utviklinga i den eine eller andre retninga er det ikkje nok kunnskap om i dag. Planleggaren manglar her verktøy som høver for ein demokratisk rettsstat.

Bustadområda har ei lokalisering i høve til kvarandre. Den som flytter inn i eit gitt bustadområde har normalt vurdert denne i høve til *avstand* til arbeidsplass, og karakteren av bustadområdet etter grad av homogenitet/ heterogenitet på ulike faktorar som verkar meir eller mindre attraktive i høve til personlege ønskje. Betalingsevne og reiseavstand til arbeidet gir større eller mindre fridom i val av område.

Utgangspunktet for drøftinga her er «gode» av ulike type. Kva som er eit gode er på ein måte enkelt. Men når vi skal drøfte kor stor og kva type innsats offentlege mynde skal yte for produksjon og fordeling av gode vert det straks vanskelegare.

¹ Sjå Haveraaen (1993b, 157-158) og Jacobsen (2010) for meir om Wirth sin definisjon. Skjekkeland (2009, 53) i motsetning til Wirth ser ut til å meine at urbanitet først og fremst er mentalt: «Ei bygd (...) kan bli urbanisert lenge før busetnaden får bypreg», seier han. Samanhengen mellom boform og levemåte treng imidlertid ikkje å vere så opplagt som det Wirth gir uttrykk for. Gans (1962) er ein av dei som har motforestillingar. Han meiner det ikkje finst nokon strøksspesifikk livsstil (way of life) verken i urbane eller sub-urbane strøk. Livsstil følgjer av klasse og yrke. Med blick på det heterogene ved store byar drøftar Haveraaen (1993a, 48) korleis musikksmak kan variere med bostad: «For byboeren er (...) subkulturtilhørighet ofte identitetsbyggende og ein nødvendig erstatning for lokale sosiale fellesskap som har gått tapt i urbaniseringsprosessen». Rye (2006a) peikar på korleis heterogeniteten i by gjer seg utslag i ein meir polarisert klassestruktur med større lønsskilnader her, samanlikna med den meir homogene landsbygda. Han oppfordrar til å sjå rural til urban migrasjon i eit klassesperspektiv. Andre sider av urbane samfunn vert drøfta i Berge and Ullenes (2011)

Viktige gode i den demokratisk styret staten

I eit demokratisk styrt statssamfunn tenkjer ein seg at staten skal produsere eller legge til rette for produksjon av dei gode som alle, eller eit fleirtal av veljarane, ønskjer seg. Dette kan t.d. dreie seg om tryggleik, kunnskap/ utdanning og helse/ hygiene.

- *Tryggleik* av ulik karakter vert produsert gjennom forsvar, brannvern, politi og rettsvesen. Rettsstaten er i dag kanskje den viktigaste ingrediensen i det knippet av fellesgode som staten produserer sjølv. Rettstryggleik er ein føresetnad for at vi kan ha full glede av sjølvråderett og avtalefridom.
- *Kunnskap og utdanning* tilpassa det spesialiserte næringslivet som ligg til grunn for levekåra våre er ikkje berre eit individuelt gode. Utdanningsnivået og samansetjinga av spesialitetar er avgjerande viktig for kollektivet.
- *Helse og hygiene* er viktig både for den einskilde og for samfunnet. Eit høgt nivå på hygiene gir eit viktig bidrag til folkehelsa. Det bidrar ved at smittestoff i mindre grad er til stades og dermed til at helsestandarden er betre. God allmennhelse betrar produktivitet i arbeidslivet og aukar trivselen i dagleglivet.

Staten som ansvarleg produsent av fellesgode

Den praktiske kunnskapen om at staten har avgjerande komparative føremoner som produsent av denne typen fellesgode er gammal. Det første «statleg» produserte fellesgode vi kjenner frå norsk historie er truleg organiseringa av leidangen.

Men det er viktig å hugse på at det er mange viktige gode som ikkje kan produserast direkte av målretta aktivitet, særleg ikkje av statleg aktivitet. Det er til dømes svært mye som tyder på at eit gode som generell mellommenneskeleg *tillit*² essensielt er eit *biprodukt* av anna aktivitet som t.d. borgarane si evne til å observere og vurdere aktiviteten av medborgarar. Ein kan ut frå det ein i dag veit ikkje planlagt skape tillit. Men ein kan truleg legge til rette for at aktivitetar basert på tillit skal løne seg og at handlingar som bryt ned tilliten ikkje skal løne seg. Planlegging kan eit lite stykke på veg legge til rette for eit tillitsbasert samfunn³. Det viktige fokuset er med andre ord «*legge til rette for*». Men å legge til rette for slikt krev at ein har klare formeiningar om kva som skil tillitsbaserte handlingar frå dei som bryt med tillitsfundamentet for samhandling. Dette er framleis eit tema frå forskingsfronten.

Dagens tankar om staten som produsent av fellesgode er tufta på innsikt i vanskane med både å få forbrukarane av fellesgode til å betale for fellesgode dei tileignar seg, og å få staten til å produsere eit rett kvantum av fellesgoda. Både staten som produsent og samfunnsborgarane som får glede av fellesgode har vanskar med å kome fram til dei avgjerdene som gir mest glede til flest borgarar. Ein kan forklare mye av dette ut frå teorien om sosiale dilemma. Sosiale dilemma oppstår når kvart einskild individet si avgjerd om eigen nyttemaksimering i sum fører til eit dårlegare resultat for alle enn det resultatet ein kunne oppnådd med ein felles avtale om kva kvar einskilde skulle eller kunne gjere.

Drøftinga vår skal likevel starte med det moderne skiljet mellom private og offentlege gode introdusert av Paul Samuelson i 1954⁴. Ut frå Samuelsons definisjon har offentleg gode den eigenskapen at dersom det først vert produsert så kan alle få del i godet. Den eine sitt konsum

² For interessante drøftingar sjå Grimen (2009) og Rothstein (2005).

³ Vi har over tid sett at det har skjedd ei selektiv inn og utflytting i einskilde bydelar i Oslo slik at vi finn område der andre kulturar enn den tradisjonelle norske dominerer. Det ville vore interessant å studere om desse bydelane skil seg frå resten av Oslo i nivå på generalisert tillit. Putnam (2007) sine studiar tyder på at det i kort perspektiv vil bli slik. Men vi må ta med at Putnam og Rothstein (2005) har diametralt motsett syn på kva som er årsak til høgt nivå av tillit. Rothstein meiner til dømes at eit høgt nivå av tillit fører til stor deltaking i frivillige organisasjonar medan Putnam meiner at stor deltaking i frivillige organisasjonar fører til eit høgt nivå av tillit.

⁴ Han kalla det eigentleg kollektive konsumgode (Samuelson 1954). Seinare er dei jamt over kalla «public goods» (Mueller 2003).

har ingen verknad for den andre sitt konsum. Det finst ingen praktiske og profitable måtar til systematisk å kontrollere tilgangen til godet. Prosessen med å tileigne seg nytten (konsumet eller forbruket) verkar heller ikkje inn på nytten ein sjølv eller andre har av godet ut over at kunnskapen om at andre opplever det same godet (t.d. felles opplevingar) kan gi ein tilleggsverdi for somme. Motsatsen til offentlege gode er private gode som ein produserer sjølv eller byter til seg for sjølv å konsumere. Vi har alle erfaring med kaka som anten må spisast opp eller setjast i kjøleskapet for at ein skal ha glede av den seinare. Med lås på kjøleskapet kan vi enkelt ekskludere andre som kanskje kunne vere interessert i å spise den før vi sjølv kan gjere det.

Utover på 60 og 70 talet fann ein å måtte operere med ulike typar «ureine (impure)» offentlege gode. Elinor og Vincent Ostrom (Ostrom and Ostrom 1977) foreslo å dubla talet på gode ved å introdusere felleslagergode (common pool goods) og klubbgode⁵ som to ulike typar i den store sekken av «ureine» offentlege gode⁶.

Både det opphavlege skiljet mellom private og offentlege gode og Ostrom og Ostrom si klassifisering av 4 typar gode er basert på to dimensjonar:

- konkurranse om nytten av godet og
- kostnaden ved å ekskludere konsumentar av godet.

Grunnen til at desse dimensjonane er viktige er opplagt. Kostnader ved å ekskludere uvedkommande frå å ta eller bruke av «våre» gode utan at dei har fått løyve ligg i kjernen av det vi tenkjer på som eigeomsretten til godet. Men dette er viktig berre dersom det er slik at det den eine forsyner seg med ikkje kan glede nokon annan. Når alle får like stor glede av godet er det ikkje fordelinga av godet som er vanskeleg, men å finansiere produksjonen. Finansieringa av produksjonen og fordelinga av nytten av det som vert produsert er sentrale spørsmål for offentlege mynde som får ansvaret for slike gode.

Tabell 1 Gode definert gjennom **konkurranse om nytten** og mogleg **eksklusjon av konsumenten**

Typar av gode	Kan ekskludere konsumenten («excludable»)	Vanskeleg eller umogleg å ekskludere konsumenten («non-excludable»)
Konkurranse om nytten av godet («rivalry»)	PRIVATE (private goods)	FELLESLAGER (common pool goods)
Ikkje konkurranse om nytten av godet («non-rivalry»)	KLUBB (toll goods or club goods)	OFFENTLEGE (public goods)

Det er ikkje i utgangspunktet opplagt kva skiljet privat offentleg viser til. Legg derfor merke til at når vi her drøftar gode er ikkje bruken av termane privat og offentleg den same som i statsvitskapens skilje mellom privat og offentleg. Det er heller ikkje det same som skiljet mellom individ og kollektiv. Det opphavlege skiljet vart introdusert av Samuelson til bruk i tenkinga omkring staten sine oppgaver i produksjon og fordelinga av gode.

Offentlege gode var - og er - slike gode som berre kan produserast i store nok kvanta om betalinga skjer gjennom skattlegging (eller tilsvarande). Men i mellomrommet mellom dei

⁵ Ostrom and Ostrom (1977) kalla det «toll goods» som vel kan omsetjast som bompengegode. Klassifiseringa har inspirert ikkje berre Ostrom og den samfunnsvitskapelege forskinga på forvaltning av naturressursar. Juristar som Brett Frischmann (Frischmann 2012) har funne inspirasjon til studiar av korleis ein kan verdsetje felles infrastruktur som t.d. kunnskap eller transportsystem.

⁶ Sjå også Cornes and Sandler (1986)

«reine», idealtypiske formene for gode som vi har definert i tabellen ovanfor, finn vi eit mangfald av termar for gode⁷ og større vanskar med å finne ei fornuftig form på finansieringa av produksjon og vedlikehald enn for dei reine offentlege goda som forsvar og rettsvesen. Gratispassasjerane vert sett som eit vesentleg problem.

I drøftinga må vi også hugse at det er *den individuelle nytten* av godet vi klassifiserer, ikkje den materielle eller immaterielle «tingen» som vi produserer, brukar, haustar eller konsumerer. Prosessen med å tileigne seg nytten av eit gitt produkt vil for ulike typar gode ha visse karakteristika som på ulik vis påverkar eller verkar tilbake på nytten. For klubbgode kan vi finne trengselseffektar. For felleslagergode vert det til kø-effektar.

Eksterne verknader (eksternalitetar)

Generelt sett vert eksternalitetar definert som verknader av ein gitt aktivitet for aktørar som ikkje har vore med på å ta avgjerda om aktiviteten. Bruken av gode anten det er forbruk eller som råvare i vidare produksjon vil som regel ha verknader eksternt i høve til den som står for bruk/ forbruk. Desse verknadane er generelt omtala som eksternalitetar. Både for positive og negative eksternalitetar kan mottakarane identifiserast. Dei er derfor ikkje på systemnivå slik som dei verknadene vi ovanfor omtala som «*essensielle biverknader*».

Når ein ny butikk opnar i nærleiken av ein etablert butikk vil den auka konkurransen ha ein negative verknad for den etablerte butikken. Men verknaden vil vere positiv for kundane som no kan velje mellom to butikkar og av den grunn kanskje får både større utval av varer og lågare pris. Når grunneigarar tinglyser strøksservitutt som t.d. at ingen kan starte konkurrerende butikkar er det nett for å unngå negative verknader av konkurranse, eller når servituttet seier at alle som bygg må bygge einestader så er det for å oppnå den positive verknaden av at alle er i same situasjon og vil vere interessert i dei same bo-kvalitetane.

Slike strøksservitutt er eit privatrettsleg instrument som kan gjere mye av det same som offentlegrettslege reguleringar av kva slags aktivitet som kan startast innan eit planavgrensa område. Alt i Magnus Lagabøter si bylov for Bergen finn vi offentlegrettslege reguleringar av lokaliseringa til handverkarar og handelsmenn⁸. I studiar i USA har ein sett at privatrettslege «covenants» kan gjere same nytten som offentlegrettslege «zoning regulations» gitt at begge systema fungerer innafor ein nasjonal kontekst av pantesikring for investeringar (Perin 1977, 11-14).

Negative eksternalitetar som verkar inn på livskvaliteten til mange, slik som støy eller luftureining vil ein i dag freiste minke gjennom offentlege reguleringar. Men det kan reisast spørsmål om ein har tenkt nok over kva positive eksternalitetar har å seie for velferda til folk flest t.d. frå eit høgt nivå av utdanning, folkehelse og kollektivtransport.

Der ein freistar regulere eksternalitetane gjennom offentlegrettsleg regulering av kva borgaren kan eller ikkje kan gjere innanfor avgrensa område kan det fort dukke opp nye problem kjent gjennom omgrepet transaksjonskostnader. Lover og reglar verkar mest rett og rettferdig dersom bruken av dei vert overvaka og sanksjonert. Men overvaking og sanksjonering er ikkje gratis. Også borgarane som skal følgje reglane vert påført kostnader i form av å skaffe seg kunnskap om kva reglar som gjeld og kva ekstrainsats som må gjerast for å etterleve reglane. Planleggarar bør regelmessig stille seg spørsmålet om summen av negative eksternalitetar er så stor at det kan forsvare transaksjonskostnadene som følgjer med

⁷ Frischmann (2012) nemner t.d. «merit goods», «social capital» og «irreducibly social goods».

⁸ Robberstad and Taranger ([1276] 1923, Del VI kapittel 8, Del VII kapittel 23)

reguleringa, eller om ein kan utforme reglane på enklare vis der målet kunne vere å gjere dei sjølvovervakande.

Offentlege gode (ikkje ekskluderbare, ikkje konkurranse)

Dei fleste planlagde fellesgode i urbane område vil sjeldan ha karakteren av å vere reine offentleg gode i klassiske forstand. Som regel vil ein finne at ein person som skal nyte godet må vere innan eit bestemt område for å oppleve/ ta del i godet. Ofte er det nok å vere byborgar. Til dømes er det slik at så lenge politiet klarer å halde lov og orden på eit høgt nivå vil alle kunne nyte godt av det, anten dei er byborgarar eller turistar og uansett om dei har betalt kommuneskatten sin eller ikkje. Ein av grunnane (men ikkje den viktigaste) til at det er vanskeleg å privatisere politiet er at det er vanskeleg – for ikkje å seie umogeleg - å ekskludere den eller dei som ikkje vil eller kan betale sin forholdsmessige del av utgifta utan eit generelt høve til å pålegge skatt for kvar einskild.

Dei som kan nyte offentlege gode utan å betale sin del for produksjonen vert gjerne omtala som gratispassasjerar.

Lov og orden er eit reint offentleg gode der (nesten) alle har like stor glede av eit høgt nivå. Men det er nokre typar gode, t.d. utdanning, hygiene, og kollektivtransport, som ved sida av å vere individuelt ettertrakta også har komponentar av å vere offentlege gode på måtar som gjer at dei ikkje blir fullt ut vert verdsett av forbrukarane. Både utdanning, hygiene, og kollektivtransport har sterke eksterne verknader som ikkje kan nytast av einskilte forbrukarar men som kjem alle til gode i fellesskap. Eit høgt utdanningsnivå vil t.d. endre nettverka og utveksling av informasjon på måtar som verkar direkte inn på nyskaping og produktivitet. Men verknaden ligg på samfunnsnivået, ikkje hos identifiserbare individ. Det same kan seiast om eit høgt nivå på hygiene. Det gir mindre smittestoff i omløp og ei friskare befolkning som igjen påverkar velvære og produktivitet. Eit godt utbygd kollektivtransportsystem gir sjølvsagt den einskilte rask og enkel transport mellom ulike destinasjonar, inklusiv arbeidsreiser. Men transportsystemet verkar også på samfunnsnivå gjennom mindre køar i transport av varer og tenester som ikkje kan nytte kollektivtransport, den gir meir tid til produktiv verksemd eller kulturelle aktivitetar og mindre stress i kvardagen til folk. Men igjen er det verknader på samfunnsnivå som kjem i tillegg til dei den einskilte borgaren erfarer. I tillegg må vi ta med at det finst kryssverknader mellom slike offentlege gode. Det kan argumenterast for at eit dysfunksjonelt transportsystem kan gjere om inkje dei mogeleg positive eksternalitetane av eit høgt utdanningsnivå (nettverka vert ikkje realiserte eller dei er veike kanalar for utveksling av informasjon og drøfting av idear).

Konsekvensen av at einskildmenneskje ikkje ser samanhengen mellom fellesgode og eit betre bysamfunn er at det er eit slags demokratisk press i retning av for lite produksjon. Dette vil lettare kunne manifestere seg ved privatisering av produksjonen av slike komplekse gode. I samfunnsplanlegginga burde kjennskap til komplekse fellesgode og mekanismane som gjer dei verdfulle vere viktig. Eit høgt nivå av utdanning, hygiene og kollektivtransport vil, ut over den individuelle nytten som kvar einskild måtte ha, på samfunnsnivå legge til rette for produktive aktivitetar som ville vore utenkjeleg ved eit lågare nivå på desse goda.

Private gode (ekskluderbare, konkurranse)

Bustaden er kanskje det private godet som får mest merksemd i planleggingssamanheng. Ein har i historia sett eksempel på at offentlege mynde har gjort vedtak som i realiteten gjer bustaden til eit reint offentleg gode. Det har etter ei tid alltid vist seg vanskeleg å realisere slike vedtak. Røyndomen i form av dynamikken for private gode har slått igjennom på ulik vis og ofte med dårlegare resultat i form av fordeling av bostandard enn om ein gjekk i gang

med å regulere forsyninga av bustader som private gode, men kanskje betre enn om ein overlet all bustadforsyning til privat initiativ.

Bustaden og analogt alle bygg som er tenkt brukt av konkrete aktørar (individ eller organisasjonar) er private gode i den teoretiske meininga gitt ovafor. Men ved sida av det private gode som ligg i bygningen sin funksjonalitet for den einskilde brukaren har bygningen ei lokalisering som også påverkar nytten den einskilde har av bygningen. Denne lokaliseringsverdien er ikkje privat, men tar inn eigenskapar langs begge dimensjonane i klassifiseringa. Lokaliseringsverdien er ikkje-ekskluderbar. Men graden av konkurranse om lokaliseringsverdien er variabel, avhengig av kva type lokalisering ein talar om.

Dette er eit viktig poeng. Konkrete fysiske eller immaterielle «ting» kan ha knytt til seg gode av ulik type slik at den konkrete tileigninga av tingen (anten den er materiell eller immateriell), fører med seg gode av ulik karakter. For den einskilde forbrukaren av godet er ikkje det noe problem. Problemet ligg på samfunnsnivå, dels ligg det i å produsere rett kvantum, dels ligg det i vanskar med prisfastsetjing på komponentar, særleg av slike fellesgode som skaper vanskar med fordelingsrettferda. Lokaliseringa av bustader er eit slikt gode. Når det skal planleggast for gode som folk set pris på må ein ha i tankane at dei konkrete manifestasjonane av planen vil gi folk gode av ulik type. For planlegginga må det bli viktig å skjønne i kva grad eit konkret privat gode vil ha tilleggskvalitetar av typen felleslagergode og/ eller klubbgode.

Felleslagergode (ikkje ekskluderbare, konkurranse)

Når kostnaden ved å stenge ute konkurrentane vert større enn det kaka er verdt har vi eit problem (eller skulle eg seie utfordring?). Da er det kanskje betre å spise kaka med ein gong – før nokon annan gjer det? Dette er litt forenkla logikken i den destruktive sosiale prosessen som vert kalla «Allmenningens Tragedie» (Hardin 1968, 1998, Ostrom 1990, Berge and Laerhoven 2011). Men prosessen verkar ikkje berre på fisk og beite. Den verkar også på bruken av offentlege rom. Eit rom er offentleg fordi vi seier det skal vere offentleg. Det tyder at det er eller skal vere vanskeleg å stenge folk ute. Stenger ein arealet heilt er det privatisert, og skal ein sile ut dei som ikkje får komme innpå vert kostnaden som regel stor, ofte for stor til at samfunnet er villig til å ta den. Dermed kan ein sjå ulike variantar av privat eksklusivt konsum av offentlege areal som gaterom eller plassar (gateseljar, fortauskafé, uteliggjar, etc.) som i utgangspunktet ikkje skulle vere lov. Men så lenge det er ein rimeleg kortvarig bruk av fellesarealet kan den private bruken i mange høve vere eit tilleggsgode for resten av dei som vitjar området. Det er den meir permanente privatiseringa av eit fellesareal som fungerer destruktivt.⁹

Prototypen på eit urbant felleslagergode er transportinfrastrukturen. Slik som for fisk i havet eller tømmer i skogen (der ingen eigar kan regulere bruk) er transportgodet tilnærma eit idealtypisk offentleg gode *opp til det nivå der konsumet nærmar seg reproduksjonsgrensa*. For vegar dreiar det seg om at biltrafikken blir så tett at det både er vanskeleg å halde jamn fart og det er vanskeleg å komme innpå hovudvegen frå mindre sidevegar. Det utviklar seg køar og farta minkar. Der trafikken varierer over døgnet vil det bli konkurranse om å komme først i køen. For kollektivtrafikk på jernbane, T-bane eller trikk er transportgodet tilsvarande tilnærma eit offentleg gode opp til det talet passasjerar der ein må byrje stå og etter kvart stå

⁹ I vårt samfunn er det ikkje mye av dette, men litt kan ein kanskje sjå i visse typar juridiske randsoner mellom privateigde og offentleg-rettsleg regulerte område, til dømes i strandsona; men også i dei fysiske randsonene t.d. mellom regulert byggeareal og ubygde LNF område.

trengt under transporten. Trengselen gjer transporten mindre attraktiv, men å stå i kø på perrongen for å vente på neste tog er enno verre.

Freistnader på å kontrollere trengselen på vegar gjennom bruk av bompengar vil gjere vegen til ein klubb (derav Ostrom & Ostrom sin term «toll goods»). Vegen har ein øvre kapasitet. For å halde bruken under maksimumskapasiteten skal ein setje ein pris som optimaliserer bruken. Diverre er det ikkje slik norske bomvegar er tenkt. Bompengane er vorte ei generell finansieringsmekanisme som verkar mest på den marginale bruken. Dette er den bruken som potensielt har størst verknad for utvikling av innovative nettverk både i kulturlivet og i næringslivet.

Lokaliseringa relativt til kvarandre av bustadområde, arbeidsplassar, offentlege tenester og kulturaktivitetar skaper posisjonelle gode som ingen kan stengast ute frå. Verknaden er individuell og er eit problem sett frå fordelingsrettferdsspektivet. Det beste verkemiddelet for å jamne ut fordelingsverknadene er betra transportinfrastruktur.

Klubbgode (ekskluderbare, ikkje konkurranse)

Ein klubb er karakterisert av at ein skilde individ kan stengast ute. Berre medlemmer av klubben kjem inn. Men er du først innanfor grensene til klubben har du full tilgang til alle gode som klubben produserer. Innan klubben har goda same karakter som offentlege gode. Men for å skilje mellom dei reine offentlege gode og dei lokale offentlege gode kallar vi dei klubbgode. Byen er dermed i makroforstand ein klubb. Arealaste eller lokaliserte gode i byar er derfor anten klubbgode eller felleslagergode (eller blandingsformer). Dei fysiske bygningane har ei lokalisering og tenestene ein produserer har eit lokalt avgrensa verkerom. Skifter vi nivå og ser på dei gode den ein skilde byborgaren kan gjere seg nytte av vil vi finne alle typane gode vi har definert. Nesten bestandig vil byborgaren måtte vere innan eller i nærleiken av eit gitt arealet for å konsumere eller nyte godet. I så fall vil det finnast tekniske måtar å stenge av godet på. Det kan bli kostbart å setje opp eit høgt nok og langt nok gjerde til at ein lukkast med å stenge ute dei ein ikkje vil ha med. Men kva som er for dyrt eller ikkje er avhengig av godet og korleis godet vert påverka av konsumprosessen. Tenk på middelalderbyen sine bymurar. Dei var lange, høge og truleg dyre. Men dei var verdt det. Tryggleik er jamt over sett som det viktigaste fellesgodet på alle nivå.

Også i klubben vil konsumprosessen gjere at verdien av godet vert modifisert av ein trengselsparameter. Klubben har ideelt sett ein inngang med kontroll av kven som får komme inn. Normalt vil vi finne at tilgangen til godet blir ordna ved ei form for kø utanfor porten. Men godet i seg sjølv er slik at alle som er innanfor får del i det. Ein ønskjer å fylle opp lokalet, men ein ønskjer ikkje trengsel. Den mest verksame parameteren i den personlege nytten av eit klubbgode er folketettleiken, trengselen. Er det for lite folk kjenner ein seg einsam og synleg. Er det for mange folk kjenner ein seg innestengt og utan oversikt. Sjølv om den optimale graden av trengsel varierer noko med kulturen er det klart at der er ein optimal folketettleik på areal som tilbyr gode som berre kan nyttast der og da. Rekreasjon og kultur er nett slike gode. Dersom ein planlegg eit byrom for felles rekreasjon eller kulturoppleving må ein tenkje gjennom korleis ein skal forvalte trengselen.

I eit offentleg tilgjengeleg byrom har ein ikkje ein port som kan nyttast til å optimalisere trengselen. Det er dermed ikkje ein idealtypisk klubb. Mangelen på mekanismar for eksklusjon gjer at det på mange måtar liknar ein felleslagerressurs. Men området er avgrensa og den som er først ute i tid vil få dei gode sitjeplassane mot å vente eit visst tidsrom. Dei som kjem seinare vil måtte stå nærmare utkanten av plassen. Samtidig vil det verte ei form for

sjølvselektert utskifting av folk som er til stades. Dei som trivst dårleg i trengselen vil tidleg bryte opp og forsvinne medan dei som toler trengselen betre blir verande. Dei gode urbane forsamlingsområda vil i eit slikt perspektiv fungere best der ein har tydelege ferdselsårar for transitt ut og inn i området slik at den sjølvselekterte utskiftinga av folk glir lett og slik at dei som berre skal passere igjennom området får gjere det utan å måtte stå i lang kø.

Planleggarane må med andre ord fokusere både på avgrensinga av området og på transportinfrastrukturen internt i området. Dette stiller visse krav både til planen for fellesarealet og til utforminga av transportinfrastrukturen rundt.

Når felleslagerode og klubbode glir over i kvarandre: Operaallmenningen

Vi noterte ovanfor at nøkkelen til eit vel-fungerande urbant byrom var ei nøyte gjennomtenkt avgrensing av byrommet og ein tilpassa transportinfrastruktur for gåande. Les vi utgreiinga om Operaallmenningen frå september 2007 med Gehl-arkitektane som utførande faggruppe ser vi at dei siktar mot «transitt/ rekreasjon/ kultur» (Gehl Architects 2007, 30-31) .


Operaallmenningen skal etablerast som «en bylivsdestination i Oslo».

I oppsummeringa (Gehl Architects 2007, 9) over kva som er måla finn vi m.a.

”- skabe et byrum, der oppleves trygt og behageligt hele døgnet

- arranger store events og kulturelle begivenheder
- terrænet understøtter et mangfoldigt byliv
- terrænet skaber god balance mellem trafik og fodgængere
- kanten understøtter allmenningens brugergrupper
- kanten tilbyder ophold og repræsenterer den lille skala”

Dei legg stor vekt på avgrensinga: ”En præcis kant indrammer og definerer allmenningens udstrækning.” (Gehl Architects 2007, 51) og trafikken ”Operaallmenningen er i dag primært et ”transit rum”- pga den store gjennomstrømning af mennesker. De mange mennesker, der passerer gjennom Sentralstationen dagligt har potentiale for at skabe liv, men mennesker i transit skaber ikke pr. automatik et levende byrum. Der skal altså noget mere til; de mange i transit skal inviteres til at slå sig ned og opholde sig i byrummet.” (Gehl Architects 2007, 30-31).



Kjelde: Gehl Architects (2007).

VISJON

«Operaallmenningen skal være Oslo's nye storslåede byrum - ikke alene i størrelse men også i opplevelse. Den internationale karakter skal skinne igennem, og rummets kvalitet skal være på høyeste niveau. De mange besøgende skal undres, begeistres, bjergtages. Allmenningen skal se umådelig flot og imponerende ud, men skal også sende opplevelser hjem. Pladsen skal tilbyde møder, opplevelser og sanseindtrykk som formidler det særlige ved dette sted, dette rum, ved Oslo og Norge.» (Gehl Architects 2007, 27)

Planlegginga fokuserer på dei kritiske punkta for produksjonen av lokale fellesgode. Planen er frå 2007 og først i 2014 har ein byrja på realiseringa av planen. Vi veit enno ikkje om dei gode som planen ser føre seg faktisk vil kunne bli verkelege.

Når private gode og felleslagergode ikkje kan skiljast: bustad i urbane samfunn

I boligpolitikken vil vi gjerne bygge slik at alle slags menneskje, ikkje berre dei rike etablerte familiane skal kunne skaffe seg husvære. Å ha eit funksjonelt husvære er eit grunnleggande gode som vi meiner alle må ha råd til å nyte. Men kva slags gode er eigentleg bustaden?

Bustaden sett som eit gode for den buande omfattar to komponentar som ikkje kan skiljast frå kvarandre men som begge er med på å skape det folk set pris på. Den eine komponenten er den fysiske bustaden, talet på rom og kvadratmeter med ein viss standard på innreiing og offentlege tenester som elektrisitet, vatn, kloakk og renovasjon. Den fysiske bustaden er klart nok eit privat gode. Eksklusjon er enkelt og konkurransen mellom familiar for å skaffe seg bustaden er tydeleg. Til større bustaden er til meir må ein betale. Storleiken vil rangere bustader frå dei rimelegaste til dei dyraste.

Den andre komponenten i bustadgodet er lokaliseringa av bustaden langs ein sentrum-periferi akse og i høve til transportinfrastrukturen. Lokaliseringskomponenten vil rangere bustader frå den mest attraktive til den minst attraktive. Verdien av lokaliseringa til den einskilde bustaden er i teorien uavhengig av den funksjonelle standarden. Men i praksis kan ikkje den funksjonelle standarden skiljast frå lokaliseringa og handterast for seg sjølv. Får ein nyte den eine vil ein også få nyte den andre.

Planlegging vil verke inn både på den funksjonelle verdien av bustaden og på verdien av lokaliseringskomponenten gjennom utforminga av transportinfrastruktur og tilgang til offentlege rom i høveleg nærleik til bustaden. Begge komponentane har eksterne verknader som verkar tilbake på alle som har bustad i området. Høgare standard på bustaden vil gi høgare sosial status til alle som bur i nærleiken. Betre transportinfrastruktur vil redusere eller oppheve fysisk avstand til sentrum og gi relativt mindre vekt til sentrum-periferi dimensjonen i verdsettinga av bustaden.

Lokaliseringskomponenten i verdien av ein bustad kan i teorien klassifiserast som ein ekstern verknad av alle dei andre bustadeigarene sine aktivitetar og karakteristika. Dersom det er slik at ein kunne flytte ein bustad nokre kilometer den eine eller den andre vegen inn mot eller ut frå sentrum utan at det påverka lokaliseringsverdien kunne ein for alle praktiske formål sjå vekk frå den. Bustaden er i eit slikt høve tilnærma eit reint privat gode. Kor nær sentrum ein må for at lokaliseringskomponenten vert merkbar varierer med folkestorleik, folketettleik og lokal geografi. Men der lokaliseringskomponenten er merkbar vil bustaden vere eit posisjonelt gode¹⁰. Det er ei avgrensa mengde av attraktivt lokaliserte bustader og tilgangen vert styrt av ei form for køordning. Ein har freista ulike typar køordning: medlemsansienitet i OBOS, gode bankforbindelsar, kommunal søkjarkø, men ein har så langt stoppa ved personleg kjøpekraft som det minst urettferdige. Det er vanskeleg å sjå at den tradisjonelle boligpolitikken kan påverke fordelinga av bustaden utan samtidig å føre til ei problematisk omfordeling av rikdom gjennom verdien av lokaliseringa. Når ein verdig trengande vert plassert inn langt framme i køen vil dei som kjem bak verte dårlegare stilt.

¹⁰ Hirsch ([1976] 1978) var den første som drøfta utførelg essensielt knappe gode (topplokalisering i eit ranghierarki) og korleis jakta på slike gode fører med seg trengsel og minkande verdi av goda.

Det er ein viktig og prinsipiell skilnad mellom den lokaliseringsverdi som ein bustad har og den opplevingsverdien ein kan finne i eit klubbarrangement. Den negative eksternaliteten som fargar opplevingane når der er for mange eller for få i klubben verkar samtidig på alle si oppleving. Den negative eksternaliteten som følgjer av at nokon kjem inn i køa frå sidelinja (ekstraordinær kjøpekraft) verkar berre på dei som kjem etterpå ikkje på dei som er framom i køa. Det er dette som gjer subsidiering av bustader til eit tilnærma nullsumspel. Dei som får tilskot for å komme framover i køen vil trenge andre utan dei same subsidiane bakover i køen. Medan klubben fordeler gode tydeleg mellom dei som er med i klubben i høve til dei som ikkje er med, vil dei posisjonelle goda (som lokaliseringsverdi) bli fordelt systematisk frå først til sist i køa. Den første får mest og den siste minst.

Ein annan komponent i boligpolitikken er samanhengen mellom relativ fordeling av ulike funksjonelle standardar på bustadene og karakteren til området. Ulik funksjonell standard vil ha ein viss verknad på samansetjinga av befolkninga, karakteren til skolemiljøet og truleg stabiliteten til befolkninga. Ei stabil befolkning der den einskilde kjenner seg heime vil av dei aller fleste bli sett som eit gode.

Kva slags gode er dette – å kjenne seg heime? Å kjenne seg heime ein stad er eit gode som ikkje er lokalisert til ein stad, men i ein relasjon mellom individet og staden og eit nettverk knytt til ein lokalitet. Truleg er dette same typen gode som tillit. Et er essensielt ein biverknad av anna aktivitet. Men det kan kanskje argumenterast for at ein i planlegging *kan legge til rette for* utvikling av heimstadverdien ved å legge opp til større stabilitet i befolkninga. Men igjen må ein legge til at det ikkje er klare teoriar som kan leggest til grunn.

Lokaliseringskomponenten til bustaden omfattar også graden av homogenitet i bustadområdet for gitte etniske, kulturelle eller sosio-økonomiske dimensjonar. I boligpolitikken har ein freista med reguleringar av storleik og standard på bustader for å verke mot tendensane til statussegregering av befolkninga. Men dersom ein i den sosiale boligpolitikken fokuserer berre på den funksjonelle standarden til bustaden og gløymer eller ser bort frå sentrum-periferikomponenten i verdien av bustaden vil ein i beste fall finne at politikken ikkje har nokon verknad. I verset fall vert verknaden tydelegare statussegregering. For å jamne ut sosiale skilnader i bosettinga trengst det ein målretta innsats i utbygging av transportinfrastrukturen. Vi bør notere at på 50 og 60-talet var transportinfrastruktur ein integrert del av bustadpolitikken i Oslo. I tillegg må sjølv sagt politikken sikte mot større volum og høveleg fordeling av storleik og standard av bustadene.

Demokratisk styring er det viktigaste verktøyet vi har for å produsere slike gode som vi alle set pris på. Fordelingsrettferd for gode med fast geografisk lokalisering er eit problem som vi har vanskar med å finne gode løysingar på. Dette gjeld i stort innan staten sine grenser og i mindre målestokk innan kommunale grenser.

Kunnskapsallmenningen

Kunnskap vert i internasjonal litteratur sett som eit paradeeksempel på eit offentleg gode. At eg har glede av kunnskapen om ulike typar velferdsgode vil ikkje kunne verke inn på din nytte av same kunnskapen. Det er *ikkje* konkurranse om nytten av kunnskap. Diverre er det svært vanleg at det er barrierar på vegen mot kunnskapens kjelder. Dei som veit og kan, vert fort til ein klubb. Dette gjeld i høvet mellom planleggarar og vanlege byborgarar og det gjeld mellom ulike grupper av forskarar. Langt på veg ligg det i kunnskapens natur at det må vere slik. Ingen kan rekke over alt. Ein må prioritere.

Men problemet ligg nærmare politikken enn som så og det på fleire måtar. For den som prioriterer å skaffe seg kunnskap ligg det hindringar i vegen i form av kopi-rettsystemet som i aukande grad gjer at einast dei som er rike eller av ein eller annan grunn har store budsjett for forskning kan skaffe seg oppdatert relevant kunnskap. Men kanskje enno viktigare er det at kunnskap er makt - også i planlegging. Ein indikator på at dette er verksamt også i Norge ser vi av dei små freistnader som mynde på ulike nivå gjer for å få dei utgreiingane som tener deira politiske mål. Vi ser det også på den aukande merksemda som forskarsamfunnet har på å hindre oppdragsgjevarar i å kunne styre kva resultat ein kan finne eller korleis forskingsresultat kan publiserast.

Det er vel lite tvil om at kunnskap er eit gode. Men når kunnskapen vert fordelt som eit klubbegode og kan nyttast til fordel for den eine gruppa eller mot den andre vert det vanskeleg å sjå den som eit udelt velferdsgode. Korleis kunnskap skal handterast er derfor ein del av profesjonsetikken både mellom forskarar og planleggarar.

I planlegginga ligg kunnskap innbakt på to nivå. Det eine nivået finn vi i utforminga av lover og reglar (les Plan- og byggingslova med tilhøyrande lover og reglar), det andre nivået ligg i den profesjonelle utdanninga og erfaringa til planleggarane. Dette knippet av kunnskap skal ideelt sett brukast for å forme planar slik at politisk vedtekne mål vert realisert. Kunnskap om typar av gode, om eksterne verknader av konkrete tiltak og om transaksjonskostnader for borgarane som følgje av dei reguleringar ein treng for å oppnå godet, må vurderast konkret i kvat tiltak. Stundom kan vurderinga peike i retning av at det opphavlege målet som vart sett ikkje vil kunne nåast eller til og med blir fjernare. Kva gjer planleggaren da?

Ulik fordeling av kunnskap er også eit faktum mellom bybuarane. Der ein i utgangspunktet tenkjer seg ei likefordeling av dei goda ein planlegg vil ulik kunnskap mellom mottakarane kunne gjere at fordelinga av det ferdig produserte godet vil sementere eller forsterke eksisterande skilnader. Korleis kan utjamning av brukarkunnskapen byggast inn i planlegginga? Trengst det meir formalisert mot-ekspertise?

I ønskje om å involvere borgarane i utforminga av planar møter ein ikkje berre barrierar i form av manglande kunnskap, sektorinteresser og mistydingar. Ein møter også tidsbudsjettsskrankar mellom borgarane. Tilgjengeleg tid til å setje seg inn i planane er svært ulikt fordelt mellom ulike grupper av borgarar.

Sluttord

Det kunne - og burde - vore sagt mye meir om korleis ulike typar gode vert til i dei urbane samfunna både som planlagde gode og som uplanlagde og stundom også som biprodukt av anna aktivitet. Men før eg stoppar må eg komme attende til sosiale dilemma, transaksjonskostnader og eksterne verknader. Den viktigaste innsikten ein kan ta med seg ut i det daglege arbeidet med bygging og drift av dei institusjonane som produserer goda er kunnskap om korleis reguleringar og standardkrav kan gjere det mogeleg for folk å komme ut av dilemma på måtar som gir små transaksjonskostnader. Når det gjeld eksterne verknader så må ein ta med både dei positive og dei negative og ein må spørje seg kven som får kva. I tabellen nedanfor er det skissert ulike tilnærmingar til korleis eksternalitetar kan handsamast i ulike situasjonar.

EKSTERNALITETEN ER	Generert av produsent	Generert av konsument
Motteke av produsent	<ul style="list-style-type: none">• Kontrakter• Nye marknadsmekanismar	<ul style="list-style-type: none">• Marknadsregulering• Produsentvern
Motteke av konsument	<ul style="list-style-type: none">• Standardkrav til produkt• Konsumentvern	<ul style="list-style-type: none">• Kulturelle konvensjonar• Lovregulering av atferd

Der det er koplingar mellom positive og negative eksternalitetar må ein vurdere fordelingsrettferda og korleis dei som taper mest kan kompenseras av dei som vinn mest. Nett denne typen innsikt burde ligge nær for den som skriv reguleringsvilkår eller forskrifter for ulike typar aktivitet.

Referansar

- Berge, Erling, and Frank von Laerhoven. 2011. "Governing the Commons for two decades: A complex story." *International Journal of the Commons* 5 (2):160-187.
- Berge, Erling, and Jone Ullenes. 2011. "Bostadens kultur og den urbane habitus." *Sosiologisk Årbok* (3-4):42-84.
- Cornes, Richard, and Todd Sandler. 1986. *The Theory of Externalities, Public Goods, and Club Goods*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Frischmann, Brett M. 2012. *Infrastructure: the social value of shared resources*. New York: Oxford University Press.
- Gans, Herbert J. 1962. "Urbanism and Suburbanism as ways of life: A re-evaluation of definitions." In *Human Behaviour and Social Processes: An Interactionist Approach*, edited by Arnold Rose, 625-648. Boston: Houghton Mifflin.
- Gehl Architects. 2007. Byrumsprogram Operaallmenningen. Oslo: Bjørvika Infrastruktur AS / Oslo Kommune.
- Grimen, Harald. 2009. *Hva er tillit*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hardin, Garrett. 1968. "The Tragedy of the Commons." *Science* 162 (3859):1243-1248.
- Hardin, Garrett. 1998. "The Tragedy of the Commons." *Science* 280 (5364):682-683.
- Haveraaen, Morten. 1993a. "By, bosted, lokalsamfunn, bolig: fire stedsrettete arbeider hvor planlegging møter sosiologi." Doctor Scientiarum Doctor Scientiarum Thesis, Department of landscape architecture and spatial planning, UMB.
- Haveraaen, Morten. 1993b. "Noen linjer i byens sosiologi." *Tidsskrift for samfunnsforskning* 34 (2):153-167.
- Hirsch, Fred. [1976] 1978. *Social Limits to Growth*. London: Routledge & Kegan Paul.
- Jacobsen, Nils L. S. 2010. "Hva er en by? - urbane steder i Norge i det 21. århundre." *Plan* (6):44-49.
- Mueller, Dennis C. 2003. *Public Choice III*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Ostrom, Elinor. 1990. *Governing the Commons. The Evolution of Institutions for Collective Action*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Ostrom, Vincent, and Elinor Ostrom. 1977. "Public Goods and Public Choices." In *Alternatives for Delivering Public Services: Toward Improved Performance*, edited by E. S. Savas, 7-49. Boulder, CO: Westview Press.
- Perin, Constance. 1977. *Everything in its place: social order and land use in America*. Princeton, N.J.: Princeton University Press.
- Putnam, Robert D. 2007. "E Pluribus Unum: Diversity and Community in the Twenty-first Century The 2006 Johan Skytte Prize Lecture." *Scandinavian Political Studies* 30 (2):137-174. doi: 10.1111/j.1467-9477.2007.00176.x.
- Robberstad, Knut, and Absalon Taranger. [1276] 1923. Magnus Lagabøters bylov. Kristiania: Cammermeyers boghandel.
- Rothstein, Bo. 2005. *Social traps and the problem of trust*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Rye, Johan Fredrik. 2006a. "Leaving the Countryside. An Analysis of Rural-to-Urban Migration and Long-Term Capital Accumulation." *Acta Sociologica* 49 (1):47-65. doi: 10.1177/0001699306061899.
- Samuelson, Paul A. 1954. "The Pure Theory of Public Expenditure." *The Review of Economics and Statistics* 36 (4):387-389. doi: 10.2307/1925895.
- Skjekkeland, Martin. 2009. *Språk og samfunn i endring: ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo: Novus forlag.
- Wirth, Louis. 1938. "Urbanism As A Way of Life." *American Journal of Sociology* 44 (1):1-24.

